# TINE Råvare

## Landsprognose for leveranse av geitmjølk – oktober 2017




### Prognose for leveranse av geitmjølk

Leveranse og prognose i mill. liter

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | Endring 2015 | | Endring 2016 | | Endring 2017 | | Endring 2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Mill. ltr | % | Mill. ltr | % | Mill. ltr | % | Mill. ltr | % |
| Jan | 0.65 | 0.68 | 0.79 | 0.74 | 0.7 | 0.02 | 3.3 % | 0.11 | 16.5 % | -0.04 | -5.5 % | -0.00 | -0.5 % |
| Febr | 1.05 | 1.15 | 1.31 | 1.20 | 1.2 | 0.09 | 9.0 % | 0.16 | 14.3 % | -0.11 | -8.4 % | -0.01 | -0.5 % |
| Mars | 1.79 | 1.97 | 2.00 | 1.93 | 1.9 | 0.18 | 10.1 % | 0.03 | 1.5 % | -0.06 | -3.2 % | -0.01 | -0.5 % |
| Apr | 2.25 | 2.41 | 2.43 | 2.29 | 2.3 | 0.16 | 7.2 % | 0.02 | 1.0 % | -0.14 | -5.7 % | -0.01 | -0.5 % |
| Mai | 2.48 | 2.67 | 2.75 | 2.60 | 2.6 | 0.19 | 7.7 % | 0.08 | 3.0 % | -0.15 | -5.5 % | -0.01 | -0.5 % |
| Jun | 2.36 | 2.58 | 2.57 | 2.42 | 2.4 | 0.23 | 9.6 % | -0.02 | -0.6 % | -0.15 | -5.8 % | -0.01 | -0.5 % |
| Jul | 2.12 | 2.32 | 2.29 | 2.28 | 2.3 | 0.20 | 9.3 % | -0.02 | -1.0 % | -0.01 | -0.6 % | -0.01 | -0.5 % |
| Aug | 1.92 | 2.10 | 2.03 | 2.0 | 1.9 | 0.18 | 9.5 % | -0.06 | -3.0 % | -0.08 | -4.0 % | -0.01 | -0.5 % |
| Sept | 1.58 | 1.73 | 1.64 | 1.6 | 1.6 | 0.16 | 9.9 % | -0.09 | -5.2 % | -0.07 | -4.0 % | -0.01 | -0.5 % |
| Okt | 1.11 | 1.24 | 1.21 | 1.2 | 1.2 | 0.12 | 11.2 % | -0.03 | -2.1 % | -0.05 | -4.0 % | -0.01 | -0.5 % |
| Nov | 0.69 | 0.78 | 0.76 | 0.7 | 0.7 | 0.09 | 12.6 % | -0.02 | -2.8 % | -0.03 | -4.0 % | -0.00 | -0.5 % |
| Des | 0.56 | 0.63 | 0.63 | 0.6 | 0.6 | 0.07 | 11.6 % | -0.00 | -0.1 % | -0.03 | -4.0 % | -0.00 | -0.5 % |
| **Sum** | **18.6** | **20.2** | **20.4** | **19.5** | **19.4** | **1.7** | **9.1 %** | **0.17** | **0.8 %** | **-0.92** | **-4.5 %** | **-0.10** | **-0.5 %** |
| **Akk. Sept** | 16.19 | 17.60 | 17.82 | 17.00 | 16.91 | 1.41 | 8.7 % | 0.2 | 1.2 % | -0.8 | -4.6 % | -0.1 | -0.5 % |

Leveransen i august og september vart respektive 80- og 70 tusen liter lågare enn i fjor, ein nedgang på 4,0 % for begge månadane. Hittil i år er det levert 17,0 mill. liter geitmjølk. Dette er ein nedgang på 800 tusen liter eller 4,6 % i forhold til året før. Den kraftige reduksjonen i leveransen hittil i år har fleire årsaker:

- Lågare avdrått hos geitene som følgje av dårleg grovfôrkvalitet er ein grunn som går igjen jamt over i alle fylke, men mest i Nordland og Troms. I nord hadde ein også svært sein og kald vår. Geitene kom seint ut og beitesommaren var ikkje den beste mange stader.
- Større utrangering av geiter pga. kvalitetsproblem (BactoCount og celletal), tilbakehald av mjølk, stopp i levering og hentekarantener er viktige årsaker.
- Avslutning av produksjon og utleige av kvoter som *ikkje eller berre delvis* vert produsert hos leigetakar. Kortsiktige leigekontrakter fører til stadige endringar i leigeforhold. Dette gjer det komplisert å prognosere mjølkeinngangen frå år til år.
- Omlegging av kjeingstid er i enkeltbuskapar årsak til store endringar i innveid mjølkemengde hittil i år.

Prognosa for leveranse av geitmjølk for resten av året er basert på fjorårstal og framleis reduksjon på 4% for resten av året. Prognosa blir dermed på 19,5 mill. liter. For 2018 er det lagt til grunn same forholdstal som i år. Dårlege hausteforhold i sommar, redusert grovfôrkvalitet samt problem med kvalitet etter bruk av BactoCount gjer at det for 2018 er lagt til grunn ein reduksjon på 0,5 % i forhold til 2017.

## Avdråttsutvikling



## Mjølkegeiter med registrert avdrått




På grunn av mykje etterslep av registreringane så må ein rekne med at tala for august og september kjem til å endre seg.